

Behandling i Rådet for likestilling av funksjonshemma - 22.01.2018

Leif Elde (SAFO) fremma forslag om slik uttale:

«Universell utforming i kollektivtrafikken

For at ein buss skal vere universelt uforma må følgjande utstyr vere på plass:

- Kontrastfargar som gjer at svaksynte kan bevege seg sikkert og finne fram på enklast mogleg måte
- Utvendig annonsering
- Høgtalaranlegg
- Info-skjerm
- Rampe på låggolvbuss
- Heis
- Plass sett av for rullestol

Bussen er ikkje universelt utforma fullt ut om berre dei tekniske løysingane er på plass. Utstyret må virke og sjåførane må kunne å bruke det.

Busselskapa må ha gode rutinar for:

- Hyppige og systematiske gjennomgangar av teknisk utstyr (sikre at det verkar som det skal)
- Hyppig og systematisk opplæring og repetisjon for sjåførar / bussansvarlig slik at nøkkelpersoner kan bruke utstyret på ein sikker måte.
- Plassen for rullestol må alltid vere tilgjengelig for rullestolbrukarar. (Den må ikkje vere fylt opp med til dømes bagasje)
- Bussansvarleg skal utan oppmoding hjelpe til med utstyr som ikkje er tenkt brukt av person med nedsett funksjonsevne sjølve

Universell utforming er ikkje på plass før desse punkta er på plass. Personar med nedsett funksjonsevne skal kunne komme seg om bord i bussen, vere med på turen og komme seg av bussen på lik linje med dei andre passasjerane. Turen skal kjennes naturlig og utan unødvendig komplikasjonar.»

Leif Elde (SAFO) fremma vidare slikt tillegg til uttalen:

«Eigarar av knutepunkt og haldeplasser ar ansvarlig for at desse har så godt vintervedlikehold at utstyr for universell utforming på bussar kan nyttast.»

Votering:

Forslag til uttale, inkl. tilleggsforslaget, frå Leif Elde vart samråystes vedteke.

Samråystes vedtak i Rådet for likestilling av funksjonshemma - 22.01.2018

Rådet for likestilling av funksjonshemma vedtek følgjande uttale:

Universell utforming i kollektivtrafikken

For at ein buss skal vere universelt uforma må følgjande utstyr vere på plass:

- Kontrastfagnar som gjer at svaksynte kan bevege seg sikkert og finne fram på enklast mogleg måte
- Utvendig annonsering
- Høgtalaranlegg
- Info-skjerm
- Rampe på låggolvbuss
- Heis
- Plass sett av for rullestol

Bussen er ikkje universelt utforma fullt ut om berre dei tekniske løysingane er på plass. Utstyret må virke og sjåførane må kunne å bruke det.

Busselskapa må ha gode rutinar for:

- Hyppige og systematiske gjennomgangar av teknisk utstyr (sikre at det verkar som det skal)
- Hyppig og systematisk opplæring og repetisjon for sjåførar / bussansvarlig slik at nøkkelpersoner kan bruke utstyret på ein sikker måte.
- Plassen for rullestol må alltid vere tilgjengelig for rullestolbrukarar. (Den må ikkje vere fylt opp med til dømes bagasje)
- Bussansvarleg skal utan oppmoding hjelpe til med utstyr som ikkje er tenkt brukt av person med nedsett funksjonsevne sjølve

Eigarar av knutepunkt og haldeplasser ar ansvarlig for at desse har så godt vintervedlikehold at utstyr for universell utforming på bussar kan nyttast.

Universell utforming er ikkje på plass før desse punkta er på plass. Personar med nedsett funksjonsevne skal kunne komme seg om bord i bussen, vere med på turen og komme seg av bussen på lik linje med dei andre passasjerane. Turen skal kjennes naturlig og utan unødvendig komplikasjonar.